



## BACHELORSTUDIUM I GRAFISK DESIGN OG ILLUSTRASJON: OPPTAK TIL STUDIEÅRET 2018/2019

### OBLIGATORISK SØKNADSVEDLEGG

Søknadsfrist: 3. april 2018

Fyll ut vedlegget elektronisk, lagre det (som «BAG12018-soknadsvedlegg.pdf») og last det opp i SøknadsWeb:  
<https://fsweb.no/soknadsweb/login.jsf?inst=khio>

Opptaksprøvene er på side 2.

Les søknadsrettleiinga på side 3 og 4 grundig før du fyller ut dette søknadsvedlegget.

#### Personopplysningar

Etternamn	Fornamn (og mellomnamn)	6-sifra søkjarnummer*
-----------	-------------------------	-----------------------

\*Søkjarnummer finn du i e-postkvitteringa du får etter å ha registrert deg på SøknadsWeb

#### Generell studiekompetanse (GSK, sjå detaljar i søkjarrettleiinga) – set kryss

Eg har GSK og har lasta opp skanna vitnemål	Eg har ikkje GSK, men vil søkje likevel	Eg oppnår GSK i søknadsåret
---	---	-----------------------------

#### Norsk kunnskapar (gjeld berre søkjarar med utdanningsbakgrunn UTANFOR Norden, sjå rettleiinga på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på norsk kurs for tida, eller kan du dokumentere norsk kompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

#### Engelsk kunnskapar (gjeld IKKJE søkjarar med utdanningsbakgrunn frå nordiske land eller engelskspråklege land. For meir informasjon, sjå rettleiinga på side 3)

Test/utdanning/kurs	Resultat	Dato
Deltek du på engelsk kurs for tida, eller kan du dokumentere engelsk kompetanse på annan måte? (Ver vennleg og gi utfyllande informasjon)		

#### Tidlegare utdanning og praksis

Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
Grad/utdanning	Lærestad	Tidsrom (år start – år slutt)
Praksis		
Praksis		

#### Historikk

Har du søkt Kunsthøgskolen i Oslo tidlegare? Gi opp år og studium:
--

#### Erklæring

I det du søker, erklærer du samtidig at all informasjon som du har registrert, er korrekt, og at dokumenterte arbeid og andre dokument er dine egne. Vidare erklærer du at e-postadressa som du har oppgitt på SøknadsWeb, blir lesen av



deg. Du er ansvarleg for å lese det som blir sendt av opptaksinformasjon frå Kunsthøgskolen i Oslo til denne e-postadressa.

**OPPGÅVER** (du må svare på alle fem oppgåver)

**Oppgåve 1:**

Skriv eit kort motivasjonsbrev (ca. 1000 teikn inkludert mellomrom) om kvifor du søker dette studiet.

*(Lagre det i PDF-format, bruk følgjande filnamn: BAGI2018-01.pdf)*

**Oppgåve 2:**

A) Lag ei teikning av huset der du bur i dag.

B) Lag ei teikning av huset der du voks opp.

Presenter teikningane på to like store ark.

*(Lagre dei i PDF-format, bruk følgjande filnamn: BAGI2018-02.pdf)*

**Oppgåve 3:**

Førestill deg at du har eit forlag.

A) Finn på eit namn og eit motto for forlaget.

B) Lag ein logo for forlaget og presenter han i to versjonar,

10 mm høg og 50 mm høg, saman med mottoet ditt.

C) Førestill deg at forlaget ditt skal gi ut:

1) ei fotobok for barn

2) ei faktabok

3) ein roman

Finn på titlar og lag omslag til desse tre bøkene.

Ikkje gløym å inkludere logoen.

*(Lagre dei i PDF-format, bruk følgjande filnamn: BAGI2018-03.pdf)*

**Oppgåve 4:**

For 200 år sidan (1818) blei Mary Shelleys skrekkklassikar «Frankenstein» gitt ut for første gong.

A) Lag ein serie på 4–16 illustrasjonar som beskriv korleis boka blei til.

Presenter serien din på maksimalt åtte sider.

B) Gi forteljinga eit namn som du set på tittelsida.

*(Lagre sidene i PDF-format, bruk følgjande filnamn: BAGI2018-04.pdf)*

**Oppgåve 5:**

Eigne arbeid.

Send inn 3–5 eigne arbeid med valfritt tema og valfri teknikk.



(Lagre i PDF-format, bruk følgjande filnamn: BAGI2018-05.pdf)

## SØKNADSRETTLEIING

For å søkje på studiet må du registrere deg på nettportalen SøknadsWeb:  
<http://khio.no/intranett/for-studenter/studieinformasjon/veiledning-til-soknadsweb>

### Dokumentopplasting

For at søknaden skal vere fullstendig, må du laste opp eit sett med dokument. Last desse opp under *Mine dokument* i SøknadsWeb. Sjå detaljar i sjekklista på side 3 og i rettleiinga på side 4.

Når du lastar opp dokument, blir du bedd om å gi opp frå-dato og til-dato. Dette er først og fremst meint for utdanning. Når det gjeld andre dokument, for eksempel det obligatoriske søknadsvedlegget og dei kunstnariske arbeida, kan du setje datoen då fila sist blei endra. Det er berre frå-datoen som er obligatorisk, dette er markert med ei raud stjerne.

Du kan logge deg på fleire gonger og leggje til ny informasjon og laste opp nye dokument heilt fram til og med søknadsfrist-datoen. Når søknadsfristen har gått ut, kan du ikkje lenger endre noko i søknaden din.

Vedlegga skal ha ei oppløysing som er meint for å lesast på skjerm, og ikkje ha for høg oppløysing og størrelse. Det er ikkje mogleg å laste opp filer som er over 15 MB.

**Størrelsen på dei opplasta filene kan ikkje vere på meir enn 100 MB til saman.**

Dokument	Kommentarar	Filnamn (lagre som)	Format
Søknadsvedlegg	Fyll ut elektronisk.	BAGI2018-soknadsvedlegg.pdf	PDF
Dokumentasjon av GSK		Vitnemål-GSK.pdf	PDF
Dokumentasjon av norskkunnskapar	Undervisninga foregår normalt på norsk.  Søklarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn (bachelorgrad, vidaregåande skule eller grunnskule) frå nordiske land, treng <b>IKKJE</b> leggje fram ytterlegare dokumentasjon på norsk språkkompetanse.  Søklarar med utdanningsbakgrunn utanfor Norden må dokumentere at dei meistrar norsk.  Språkkunnskapar i norsk kan dokumenterast med Bergenstesten, <a href="http://www.folkeuniversitetet.no/">http://www.folkeuniversitetet.no/</a> , eller med norsk for utlendingar frå universiteta.  Det er òg mogleg å dokumentere norskkompetanse på annan måte enn det som er nemnt over.  Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp, på side 1.	Norsk.pdf	PDF
Dokumentasjon av engelskkunnskapar	Det er ein føresetnad at søklarar meistrar engelsk.  Søklarar som dokumenterer utdanningsbakgrunn frå nordiske land eller frå engelskspråklege land, treng <b>IKKJE</b> leggje fram ytterlegare dokumentasjon på engelsk språkkompetanse.  Språkkunnskapar i engelsk kan dokumenterast med f.eks. IELTS, <a href="http://www.ielts.org/">http://www.ielts.org/</a> , eller TOEFL, <a href="http://www.ets.org/toefl">http://www.ets.org/toefl</a> .	Engelsk.pdf	PDF



Det er òg mogleg å dokumentere engelskkunnskapar på annan måte enn det som er nemnt over.			
Fyll inn detaljar om dokumentasjonen du lastar opp, på side 1.			
<b>CV</b>		CV.pdf	PDF
<b>Oppgåver</b>	Sjå side 2	f.eks. BAGI2018-01.pdf, BAGI2018-02.pdf, etc.	PDF
<b>Portrettfoto</b>	Eit representativt fotografi av deg sjølv.	Portrett.jpg	jpeg

Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Facebook: <https://www.facebook.com/KunsthogskoleniOslo>  
Følg Kunsthøgskolen i Oslo på Twitter: <https://twitter.com/khiotweet>